



Høgskolen i Hedmark  
LUNA

1 GLU 5-10 Norsk, emne 3: språkleg fordjuping, 15 stp.

Målform: Nynorsk

## Eksamen (5 timar)

8. juni 2012, kl. 09.00-14.00

### Vel EITT av fire oppgåvesett:

Dei enkelte oppgåvesetta (A, B, C, D) består av fire spørsmål frå ulike delar av pensumet for emne 3, språkleg fordjuping. Du skal velje eitt oppgåvesett og svare på alle fire delspørsmåla i dette oppgåvesettet. Du skal skrive heile eksamenssvaret ditt på nynorsk.

### Hjelpemiddel:

Nynorsk ordliste (utan egne merknader/markeringar)

---

### OPPGÅVESETT A – svar på alle delspørsmåla

1. Kva er fonologi? På kva måte meiner du at denne disiplinen er viktig for deg som lærar i grunnskolen? Bruk døme.
2. Særskrivning av samansette ord er eit fenomen som ser ut til å breie om seg. På kva måte kan du få elevane dine til å få ei betre forståing av ulike typar ord og oppbygginga av ord? Bruk døme av typen rotord, avleiing og samansetjing.
3. Ord kan setjast saman til meir eller mindre komplekse frasar. På kva måte kan du få elevane dine til å få ei betre forståing av ulike frasetypar og forholdet mellom kjerne og eventuelle tillegg?
4. Kva er forskjellen mellom ytringar og ulike setningstypar? På kva måte kan denne distinksjonen vere relevant i samband med arbeidet med skriftlege tekstar i skolen?

### OPPGÅVESETT B – svar på alle delspørsmåla

1. Kor mange vokalfonem har ein i norsk? På kva måte meiner du at vokalmangfaldet i norsk kan vere ei utfordring i den fleirkulturelle skolen?
2. Kva er forskjellen mellom morfem og allomorf? Bruk døme. På kva måte kan allomorfomgrepet vere relevant for rettskrivingsnormering?
3. Gje døme på og analyser substantivfrasar av ulik kompleksitet. Vis også på kva måte ein kjerne kan påverke eit tillegg.
4. Kva er hovudforskjellen mellom substantiv eller verb (du kan sjølv velje kva du vil skrive om) i moderne norsk og i gammalnorsk? På kva måte er slike historiske forhold relevante for arbeidet ditt som norsklærer?

### OPPGÅVESETT C – svar på alle delspørsmåla

1. Kva er valens? Korleis påverkar valens oppbygginga av setningar? På kva måte kan kunnskap om valens vere relevant i arbeidet med elevtekstar?
2. Analyser følgjande setning med omsyn til form og funksjon:  
*Dei fleste elevane ville gjerne at læraren lærte dei syntaks.*
3. På kva måte kan du vise elevane dine at det er ein forskjell mellom tydinga/innhaldet og meininga til eit ord eller uttrykk? Gje døme.
4. Korleis ville du forklare elevane dine hovudinndelinga av dei norske dialektane?

### OPPGÅVESETT D – svar på alle delspørsmåla

1. På kva måte kan du forklare for elevane dine at det finst språkleg variasjon hos enkeltpersonar eller større grupper (t.d. bruk eller ikkje bruk av kløyvd infinitiv, tjukk l og liknande språklege trekk)? Bruk fagtermar.
2. Korleis ville du forklare elevane dine forskjellen mellom aktiv og passiv i norsk? Bruk døme.
3. Kva heiter dei «nye» ordklassane. Gje minst to døme frå kvar ordklasse.
4. Korleis ville du forklare for elevane dine at vi ikkje har eitt felles norsk skriftspråk i dag?